



## Seljord kommune

Arkiv: U60  
Saksnr.: 2020/1054-10  
Sakshand.: Merethe Trangsrud  
Direkte tlf.:  
Dato: 03.03.2021

### Saksframlegg

Utval	Utvallssak	Møtedato
Kommunestyret	19/21	11.03.2021

## Reviderte alkoholpolitiske retningsliner 2020 - 2024

### Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Alkoholpolitiske retningsliner framlegg 2021
- 2 Notat Sal sjølvbetjening

### Saksutgreiing:

Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune vart sist handsama i kommunestyret den 18.06.2020.

Alkohollova § 1-6 set premissane for kommunalt løyve til sal av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan givast for 4 år av gongen, og med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltar.

*«....Kommunalt løyve til sal av annan alkoholholdig drikk enn nemnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan givast for periodar inntil 4 år, og med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltar. Slike løyve kan dessutan givast for ein bestemt del av året, og for eit enkelt bestemt høve.*

*Kommunen kan vedta at løyve etter første og anna ledd likevel ikkje skal opphøyra, men gjelda vidare for ein ny periode på inntil fire år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltar. Kommunen kan vedta at ingen løyve skal opphøyra eller fastsetja nærmare retningslinjer for kva løyve det må søkast om forning for....»*

Alkohollova legg opp til at kommunen kan utøve eit skjønn på fleire punkt ved skjenking, bevilling, omfang og lengde.

Det blei den 28.11.19 sendt eit brev frå helsedirektoratet til alle landets kommunar som konkluderte med at:

*«Forbudet mot salg og utlevering av alkoholholdige drikke til personer som er åpenbart påvirket kan etter direktoratets vurdering ikke ivaretas ved at det alene benyttes ubemannede, tekniske løsninger i betalingssituasjonen der gjennomføring av salget skjer. Forbudet innebærer med andre ord at bevillingshaver eller dennes ansatte må foreta en konkret vurdering av hvorvidt kunden det skal selges alkoholholdig drikke til er åpenbart påvirket av rusmidler.»*

Med bakgrunn i dette blei det, ved rulleringa av alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune i 2020, føya til to setningar under punkt 3.1:

*«Ved sjølvbetjening er tekniske løysingar som t.d. videoovervaking og fingeravtrykk ikkje tilstrekkeleg kontroll. Styrar, stedfortredar eller annan tilsett må fysisk være tilstade.»*

Etter kommunestyrets vedtak av dei alkoholpolitiske retningsliner 2020-2024, fekk løyvehavarane melding om at «verksemder som har godkjend salsløyve/skjenkeløyve ikkje treng å søkje på nytt. Løyvet som er gitt i føre periode gjeld og i ny periode.»

Som fylgje då tilføyingane i punkt 3.1 i alkoholpolitiske retningsliner og beskjeden om at verksemder med godkjend løyve ikkje trong å søkje på nytt, oppsto ei usikkerheit i korleis dette skulle praktiserast. Kommunen blei difor kontakta for ei avklaring på kva som eigentleg gjeld, og engasjerte Richard Vaaben Jensen for ei nærmare undersøking av saka. Denne ligg vedlagt dette saksframlegget, og konkluderer med at:

*«Det igjen er opp til kommunane å sjølv vurdere om kontrollen med alkoholsalet i sjølvbetjent butikk er tilfredsstillande. Og etter ei grundig innføring i korleis overvakkingssystemet i slik butikk fungerar, er det vurdert dit hen at det er så mange kontrollpunkt og mykje overvakning, at ein synleg rusa person vil bli fanga opp om han/ho gjorde eit forsøk på å handle alkoholhaldig drikke.»*

Vaabben Jensen rår difor til at setningane som blei tatt inn under punkt 3.1 under rulleringa 18.06.2020 av dei alkoholpolitiske retningsliner 2020-2024: «Ved sjølvbetjening er tekniske løysingar som t.d. videoovervaking og fingeravtrykk ikkje tilstrekkeleg kontroll. Styrar, sted fortredar eller annan tilsett må fysisk være tilstade», blir tatt ut igjen.

Den einaste forskjellen på 2020 utgåva av alkoholpolitiske retningsliner og dei som ligg vedlagt her, er difor punkt 3.1.

Endringane står ikkje fram som store eller omfattande i forhold til det kommunestyret vedtok i 2020.

### **Rådmannen si tilråding:**

Rådmannen rår kommunestyret til å vedta Alkoholpolitiske retningsliner 2020-2024 for Seljord, med dei endringane som er gjort i punkt 3.1.

Det vil seie at setningane: «Ved sjølvbetjening er tekniske løysingar som t.d. videoovervaking og fingeravtrykk ikkje tilstrekkeleg kontroll. Styrar, sted fortredar eller annan tilsett må fysisk være tilstade» er tatt ut av alkoholpolitiske retningsliner 2020-2024.